

## Fullsett Vonheim gav gode inntekter.

13.11.2016



Basaren vart godt leia av Anne Grethe Sjo og Tor Ove Haugland. Karoline Myklebust Erslund og Madel Haaranes Haugland synte fram og sprang med vinstane.

Med bord og stolar like ut i gangen var Vonheim fullsett i dag på den årlege basaren, mellom 50 og 60 i talet. Mest alt som er av born og vaksne i det som før var Haugland og Musland krins fann vegen til det tradisjonsrike forsamlingshuset. Slekt og vener frå andre bygder hadde og funne vegen. Alle vinstane var gåve til laget og all inntekt går til vidare arbeid og drift av huset.



[Knapt ein stol var ledig i Vonheim i dag. Like ut i gangen sat det folk.](#)

Årsalet og tekninga gjekk strykande den tida Uskedalen.no var innom Vonheim. Tre omgongar med åresal, ei talongbok og to utskrivne lodd bøker gav i år ei inntekt på kr. 23.000,- Det er om lag det same talet som året før. Styret rettast ei stor takk til alle for god støtte.



Åresalet gjekk strykande. Aud Isaksen Haugland ser til at Kåre Haugland og Leif Matre held styr på årane sine. Styret i Grendalaget leia basaren. Anne Grethe Sjo sa til opning at betalt dugnad ved måling av av Haugland skulemuseum i år gav ei inntekt på kr. 20.000,- All måling av Vonheim vart gjort på dugnad med god støtte og sponing frå Byggeren. Dette saman med mykje godt arbeid utført i kjellaren og rundt huset gjer at Vonheim er eit meir brukarvenleg hus for ulike samkomer.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal